

STATENS VEGVESEN  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLODato: 28.09.2016  
Vår ref.: 2014/18315-7  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.:

Att. Olufsen Madelen Julie

## Uttale - høring om forslag til endring av vegtrafikkloven § 26, 27 og 29

Det vert vist til dykkar brev av 03.07.2016 vedkommande endring av vegtrafikkloven § 26, 27 og 29.

Hordaland fylkeskommune er positive til desse endringsframlegga som vert lagt fram, og merker seg at dette er ei ytterlegare oppfølging av det som ligg i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2014-2017. Det vert her vist til tiltak 23 i planen der det heiter følgjande: «*Statens vegvesen vil vurdere krav til vidareutdanning for trafikklærere som ikke har trafikkutdanning på høgskolenivå. Disse kravene ses i sammenheng med godkjenning for å undervise i de obligatoriske delene av føreropplæringen*»

Etter vårt syn vil endringsframlegget vere ei positiv innskjerping, og meir ambisiøs enn tidlegare, jf. skjerpa kompetansekrav, meir systematisk opplegg rundt etterutdanning både for trafikklærarar og dei som har det faglege ansvaret ved trafikkskulane.

Vi er kjend med at Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund (ATL) sjølv som ein del av planen har eitt tiltak som seier: «ATL vil være pådriver for at myndighetene etablerer obligatorisk etterutdanning for trafikklærere, og forventer å bli involvert ved fastsettelse av omfang, innhold og struktur.»

I tillegg til å seie noko om etter- og vidareutdanning seier òg høyringsframlegget noko om styrka sanksjonsmynde for tilsynet. Det er òg endringar som er positive, og som vil styrkje tilsynet sine evner til å følgje opp saker på ein betre måte enn tidlegare.

John Martin Jacobsen  
leiarLise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

